



Øyvind Ommedal og Karin Strømmen
Skurtveitvegen 8
5917 ROSSLAND

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/896 - 16/7361

Saksbehandlar:

Lillian Straumøy Brakstad

lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:

18.04.2016

Godkjenning - tiltak utan ansvarsrett. Oppføring av driftsbygning på Rossland, gbnr 47/10.

Administrativt vedtak. Saknr: 93/2016

Saksutgreiing:

Tiltak

Det vert vist til søknad etter Plan- og bygningslova § 20-4 motteke 30.03.2016 i Meland kommune. Søknaden gjeld oppføring av driftsbygning i landbruket på 91 m² BRA på gbnr 47/10 på Rossland.

Vurdering:

Planstatus:

Eigedomen ligg i kommuneplanen sin arealdel (KPA) som landbruk-, natur- og friluftsområde (LNFområde). Då omsøkt tiltaket er ein driftsbygning i landbruket og i tråd med kommuneplanen, er det ikkje krav om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla nærliggjande eigedomar i perioden 18.-24.03.2016. Det er ikkje kome merknader til varselet.

Det er ikkje sendt varsel til gbnr 47/1 og 11, 47/9 og 47/21. Det er søkt om fritak frå varsling av desse eigedomane på bakgrunn i at dei ligg langt frå omsøkt tiltak.

Meland kommune gjev med heimel i Pbl § 21-3 fritak for ytterlegare varsling av andre naboar enn varsla, og nabovarslinga er tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket må plasserast som vist på situasjonskart stempla godkjent 18.04.2016.

Planløysning og utsjånad:

Tiltaket skal oppførast i samsvar med vedlagte snitt, plan og fasadeteikningar stempla godkjent 18.04.2016. Kommunen vurderer at tiltaket stettar krava i pbl § 29-1.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vedtak:

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-4 løyve til oppføring av driftsbygning i landbruket på 91 m² på gbnr 47/10 på Rosslund, i samsvar med søknad journalført 30.03.2016, stempla godkjent 18.04.2016.

Plassering som vist på kart stempla godkjend 18.04.2016 og med følgjande toleransekrav:
I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søkjar – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så langt det ikkje er gjeve unntak.»

Gebyr:

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt.

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

47-10 kart

47-10 teikning 1

47-10 teikning 2

47-10 teikning 3

47-10 teikning 4

Mottakere:Øyvind Ommedal og Karin
Strømmen

Skurtveitvegen 8 5917

ROSSLAND